Statens vegvesen

Hammar-Kameratane AS
Hella 60
5936 MANGER

| Behandlande eining: | Sakshandsamar/telefon: | Vår referanse: | Dykkar referanse: | Vår dato: |
| --- | --- | --- | --- | --- |
| Region vest | Tone Bøyum / 55516792 | 18/273049-2 | | 20.12.2018 |

# Merknad - Nabovarsel - Fv. 414 - Gnr. 23 bnr. 11 - Rivning av eksisterende hus og oppføring av nytt - Radøy kommune

Statens vegvesen syner til nabovarsel mottatt 17.12.2018.

Varselet gjeld riving av eksisterande våningshus og oppføring av nytt.

Vi minner om at dersom søknaden gjeld endra / utvida bruk av avkøyrsle, byggjegrense langs fylkesveg eller andre forhold som vedkjem vegvesenet sitt fagområde, skal vegvesenet som vegmynde ha saka tilsendt for uttale etter plan- og bygningslova, eventuelt for handsaming etter veglova.

Dersom tiltaket ligg innanfor byggjegrense langs veg må det søkjast om dispensasjon frå byggjegrensa. Det er også uklart for oss kva avkøyrsle eigedomen skal nytte. I prinsippet skal kvar eigedom berre ha ei avkøyrsle, så vi ber om ei klargjering om kva avkøyrsle som skal nyttast.

Til ditt spørsmål om nabovarsel vil vi minne om at vi mottar dette som ein kvar annan nabo, og reglar for varsling og kvittering er det andre enn oss som stiller. I første omgang bør du ta kontakt med kommunen du søkjer i.

Plan og forvaltning, Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
faggruppekoordinator

Tone Bøyum
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi

Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 MANGER